

Dato: 14.10.2015
Arkiv: RR - 223 - Refusjon, tilskot - ut, K2 - M30
Vår ref (ArkivsakID.): 2014002032-8
JournalpostID.: 2015026134

Retningslinjer for vurdering av søknader og tildeling av tilskot til kostnadskrevjande private vass- og avløpsløyser

Kriteria for tildeling:

1. Utbetring av drikkevassforsyning kan få tilskot dersom det kan dokumenterast dårleg drikkevasskvalitet. Dokumentasjon frå sakkunnig firma/godkjend føretak må føreliggja.
2. Utbetring av avløpsløyser kan få tilskot dersom det utgjer ein fare for forureining av vassdrag og naturmiljø.
3. Avløpsanlegg som det gis tilskot til etter desse retningslinene skal overhalde krav til private avløpsanlegg gitt i avløpsforskrift for Jæren (Lokal forskrift om utslepp frå mindre avløpsanlegg for kommunane i Jærregionen, jf. K.sak 033/15).
4. Der tilhøva ligg til rette for det bør kommunen søkje å få etablert fellesløyser for fleire gardsbruk/bustadhus.
5. Dersom ein eller fleire av aktuelle abonnentar ikkje ønskjer å delta, kan kommunen overta deira del med klausul om at denne delen blir løyst inn ved ei seinare tilkopling.
6. Vilkår for støtte:
 - a. Anlegg kan støttast med inntil 50 000 kr for den del av anleggssummen som overstig 40 000 kr
 - b. For fellesanlegg er eigendelen 30 000 kr pr. deltakar, og anlegg kan støttast med inntil 50 000 kr pr. deltaker.
 - c. Dokumentasjon på kostnader skal sendast til kommunen innan ett år etter arbeidet er utført.
 - d. Eige arbeid kan inngå i totalsummen, med 500 kr/t (mann og maskin). Det må førast timelister som blir sendt til kommunen etter avslutning av arbeidet.
7. Søknadsbehandling innafor kriteria som følgjer av punkt 1 til 6 og årleg avsett økonomisk løyving til ordninga blir delegert til rådmannen, og gjort gjeldande frå 01.01.2016.

Bryne, den 09.10.2015

Vedtatt av formannskapet 03.11.2015, sak 074/15